



FRILUFTSRÅDET FOR NORDMØRE OG ROMSDAL

Stifta 3. februar 2000

Vedtekter

§ 1 FØREMÅL

FRILUFTSRÅDET si oppgåve er i samband med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- **stimulering til friluftsjaktivitetar for alle – gjennom å oppleve og mestre opphald og utfordringar i naturen på ein bærekraftig måte.**
- **sikre nye friluftsområde, tilrettelegging og drift av friluftsområde.**

§ 2 MEDLEMMER

Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal er eit samarbeidsorgan for kommunar og organisasjonar som arbeider for friluftsliv.

Styret innstiller til årsmøtet på kven som skal kunne bli medlem av FRILUFTSRÅDET. Årsmøte skal godkjenne opptak av alle nye medlemmer.

Styret får fullmakt frå årsmøtet til å ta opp nye medlemskommunar og friluftsjorganisasjonar i løpet av året, mot å legge vedtaka fram til godkjenning for komande årsmøte.

§ 3 ORGANISASJON

Årsmøte, styret og arbeidsutvalet er FRILUFTSRÅDET sine faste organ.

Dagleg leiar står i samråd med styreleiaren, for den daglege drifta av FRILUFTSRÅDET.

§ 4 ÅRSMØTE

Årsmøtet er FRILUFTSRÅDET si høgste styresmakt. Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad.

Kvar av medlemskommunane har høve til å sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, Kommunane bør velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalsperioden. Styret sine medlemmer møter med røysterett på årsmøtet.

Dei selskapa/frivillige organisasjonane som er medlemmer kan seg i mellom velje inntil 1/3 av medlemskommunanes representantar med røysterett. Dei fordeler representantar i høve til medlemstalet på årsmøte

Alle representantar utanom styret må vise fullmakt.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett:

2 representantar frå kvar av medlemskommunane

Det tal på repr. frå frivillige organisasjonar som følgjer av § 4`s 3. ledd.

Medlemmane av styret.

Årsmøte er også ope for andre interesserte.

Årsmøte avgjer i kvart einskild høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøte er vedtaksfør når minst halvparten av dei røysteføre er til stades.
Årsmøte vert innkalla etter vedtak i styre med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøte skal:

- 1 Godkjenne innkalling og sakliste
- 2 Velje ordstyrar og sekretær
- 3 Handsame styret si årsmelding
- 4 Godkjenne den framlagde rekneskapan med revisjonsmelding
- 5 Fastsetje neste års kontingent. Indeksregulering kan gjerast på årsmøte. Nivåheving må godkjennast av kommunane i etterkant.
- 6 Handsame innkomne framlegg
- 7 Handsame framlegg til neste års budsjett
- 8 Handsame forslag til arbeidsprogram (4-års plan)
- 9 Velje:
 - a) Styre med vararepresentantar (1 styremedlem med personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune, samt 3 representantar frå medlemsselskap/organisasjonar.)
 - b) Leiar og nestleiar i styret, blant medlemmene i det alt valde styret
 - c) 2 revisorar
 - d) Valnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem

Revisorane og medlemmene i valnemnda vert valde for eitt år.

Medlemmene av styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmene vere på val kvart år. I styret er det eit mål at begge kjønn er representert med minst 40%.

Vararepresentantane til styre vert vald for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Leiar og nestleiar er på val kvart år.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.

Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av dei gjevne røystene, skal det gjennomførast bunde omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter dette omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Er det fleire som skal veljast samla, må alle for å vera vald, ha fått meir enn halvparten av dei gjevne røystene.

Alle vedtak på årsmøte vert avgjort med vanleg fleirtal utanom dei sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

§ 5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemmene krev dette skriftleg.

Saklista skal leggst ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§ 6 STYRET

Styret er samansett av ein medlem frå kvar av medlemskommunane.

Styret har leiingsansvaret for FRILUFTSRÅDET mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, vert røystemåten til leiaren avgjerande.

Styret vert leia av leiaren og når han/ho ikkje er til stades av nestleiar.

Det er leiaren som avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmene ønskjer det.

Styret kan velje arbeidsutval (AU) for valperioden på 2 – 3 personar blant styret sine medlemmar.

Vedtak i AU er endelege når protokollen er stadfesta av eit fleirtal av styret sine medlemmar.

Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn styret på førehand har gjeve fullmakt til.

Styret sine arbeidsoppgåver er m.a.:

- 1 Å fremje FRILUFTSRÅDET sine oppgåver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
- 2 Å leie FRILUFTSRÅDET si vanlege drift og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med utarbeidd budsjett.
- 3 Å tilsetje medarbeidarar.
- 4 Gjennom underskrifta til medlemmene i arbeidsutvalet å kunne forplikte FRILUFTSRÅDET (økonomisk og juridisk).
- 5 Å kunne gi prokura.
- 6 Å ha ansvaret for at det blir ført rekneskap og at det vert ført protokoll over alle møter og forhandlingar.
- 7 Å sende referat frå årsmøte til alle medlemmer i FRILUFTSRÅDET, til fylkesfriluftsnemnda og til Friluftsrådenes Landsforbund.
- 8 Å kome med framlegg til budsjett til årsmøte.
- 9 Å kome med framlegg om kontingent. Eit eventuelt årsmøtevedtak om endring av kontingent, må i etterkant godkjennast av alle medlemskommunane for å vere gyldig.

§ 7 VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast med på årsmøte og krev minst 2/3 (to tredjedels) fleirtal.

§ 8 UTMELDING

Ein medlem kan melde seg ut av FRILUFTSRÅDET når han ønskjer det.

Når det gjeld medlemskommunane må kommunestyre gjere vedtak om utmelding.

Sams for alle som vil melde seg ut av FRILUFTSRÅDET er at medlemskontingenten må vere betalt for det året utmeldingsvedtaket vert gjort, før utmeldinga kan bli gyldig.

§ 9 OPPLØYSING

Oppløysing av FRILUFTSRÅDET kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom FRILUFTSRÅDET vert oppløyst, skal alle omsettelege aktiva gå til overordna ledd som er Friluftsrådenes Landsforbund (FL) med oppmoding om at dei nyttar ressursane i vårt område.

Arkivet skal søkjast oppbevart etter avtale med FL til dømes i ein av vertskommunane, evt. interkommunalt arkiv.

*Siste endring på årsmøte 30. mars 2005: § 2 og § 9
og namneendring og forenkling av § 1 i 2009.*